

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag til uttale til Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget, samt til regjeringa v/olje- og energiminister Tina Bru:

«Nei til industridød - ja til grøn omstilling i Vestland  
Vestland fylkesting er djupt bekymra for krisa innan olje- og gassnæringa, inkludert leverandørindustrien i Norge, ikkje minst her på Vestlandet. Etter koronakrisa, låge oljeprisar og utsatte investeringar, er det stor fare for at titusenviis av industriarbeidsplassar og fagkompetanse i verdsklasse kan gå tapt. Mange lokalsamfunn kan bli hardt råka og massearbeidsløyse kan bli resultatet om regjeringa og Stortinget ikkje stiller opp med omfattande økonomiske og politiske verkemiddel.

Den 12.juni skal Stortinget handsame eit felles krav frå heile denne næringa, inkludert fagrørsla og ei rekkje kommunar langs kysten om ei mellombels justering av petroleumsskatten. Dette er eit forslag som ikkje vil redusere, men forskyve staten sine skatteinntekter i ein kriseperiode. I tillegg forelegg det ei rekkje forslag frå ulike parti for å sikre nye oppdrag og aktivitet. Mange av desse forslaga vil kunne styrke framtidretta miljø- og energieffektiv satsing og auke graden av fornybare investeringar.

Vestland fylkesting vil på det sterkaste oppmode eit samla Storting om å medverke til ein felles redningsaksjon for denne industrien, industriarbeidsplassane og lokalsamfunna.

Den industrielle kompetansen og kapasiteten som denne industrien har bygd opp gjennom fleire tiår, er avgjerande for å kunne omstille Norge og verda til ei meir berekraftig og fornybar framtid. Denne omstillinga må skje gjennom ein planmessig, storstilt og gradvis etablering av nye grønne industriarbeidsplassar - ikkje gjennom omstilling til arbeidsløyse.»

### **Avrøysting**

Kollbotn sitt forslag vart vedteke mot 11 røyster (FNB, MDG).

### **Vedtak**

Fylkestinget sendar slik uttale til Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget, samt til regjeringa v/olje- og energiminister Tina Bru:

«Nei til industridød - ja til grøn omstilling i Vestland  
Vestland fylkesting er djupt bekymra for krisa innan olje- og gassnæringa, inkludert leverandørindustrien i Norge, ikkje minst her på Vestlandet. Etter koronakrisa, låge oljeprisar og utsatte investeringar, er det stor fare for at titusenviis av industriarbeidsplassar og fagkompetanse i verdsklasse kan gå tapt. Mange lokalsamfunn kan bli hardt råka og massearbeidsløyse kan bli resultatet om regjeringa og Stortinget ikkje stiller opp med omfattande økonomiske og politiske verkemiddel.

Den 12.juni skal Stortinget handsame eit felles krav frå heile denne næringa, inkludert fagrørsla og ei rekkje kommunar langs kysten om ei mellombels justering av petroleumsskatten. Dette er eit forslag som ikkje vil redusere, men forskyve staten sine skatteinntekter i ein kriseperiode. I tillegg forelegg det ei rekkje forslag frå ulike parti for å sikre nye oppdrag og aktivitet. Mange av desse forslaga vil kunne styrke framtidretta miljø- og energieffektiv satsing og auke graden av fornybare investeringar.

Vestland fylkesting vil på det sterkaste oppmode eit samla Storting om å medverke til ein felles redningsaksjon for denne industrien, industriarbeidsplassane og lokalsamfunna.

Den industrielle kompetansen og kapasiteten som denne industrien har bygd opp gjennom fleire tiår, er avgjerande for å kunne omstille Norge og verda til ei meir berekraftig og fornybar framtid. Denne omstillinga må skje gjennom ein planmessig, storstilt og gradvis etablering av nye grønne industriarbeidsplassar - ikkje gjennom omstilling til arbeidsløyse.»